

Budsjett og økonomiplan 2023 - 2026

Formannskapet – saksnr 22/127

Formannskapet sin innstilling til vedtak i kommunestyret:

1 Modalen kommune sitt budsjett og økonomiplan 2023-2026 vert vedteke slik det ligg føre i tråd med budsjett og økonomiplandokumentet.

2 Eigedomsskatt 2023: For eigedomsskatteåret 2023 vert det skrive ut eigedomsskatt med heimel i eigedomsskattelova § 3 fyrste ledd bokstav c: «berre på kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum».

Den alminnelege eigedomsskattesatsen i Modalen kommune er 7 promille, jfr eigedomsskattelova § 11 fyrste ledd.

Eigedomsskatten for 2023 forfell til betaling i 2 terminar: 31. mars og 30. september, jfr eigedomsskattelova § 25.

Klagenemnda for eigedomsskatt har kompetanse til å handsame klager etter § 19 i eigedomsskattelova, jfr § 20 i eigedomsskattelova.

Modalen kommune gjennomførte ny alminneleg taksering i 2019. Dette omfattar kraftnettet, då eigedomsskattegrunlaget for kraftverk er likningsverdiar frå Skatteetaten.

3 Låneopptak frå Husbanken til vidareformidling vert fastsett til kr 2 500 000 for 2023. Lånet er heimla i kommunelova § 14-17 (Lån til vidare utlån). Rådmannen har fullmakt til å gjennomføre låneopptaket og gjere val av vilkår.

4 Betalingsatsar for 2023 vert vedteke i tråd med vedlegget: Modalen kommune – betaling for kommunale tenester 2023.

5 I løpet av 2023 skal Modalen kommune tilby fleksible fakturerings- og betalingsterminar for kommunale eigedomsgebyr. Kundane skal kunne velge mellom:

- Halvårleg betaling (slik som idag) = 2 betalingsterminar pr år
- Årleg betaling = 1 betalingstermin pr år
- Månadleg betaling = 12 betalingsterminar pr år
- Kvartalsvis betaling = 4 betalingsterminar pr år